



Michael Szewczak måler kyrkja utvendig-no ventar soknerådet på innvendig måling

Kor langt har kyrkjevevja kome i arbeidet for innvendig måling av kyrkja, er det gjort avtale med målefirmaet? Det spør soknerådet Fellestrådet i innspelet sitt til prioriteringar for vedlikehald og innkjøp av utstyr. Utvendig måling er skjedd og soknerådet seier seg glade for at innvendig måling er planlagt å vere gjort iløpet av dette året. Kyrkja er 100 år i 2014 og dette vil dei byrja å markera allereie frå januar med ulike tilskipingar i kyrkja

Senkeapparat står dernest på prioriteringslista. Soknerådet ynskjer snarast å få tilbake ordninga med slikt apparat og det vert anbefalt eit elektrisk apparat då dette er tryggare.

Styving av trea på og ved kyrkjegarden er også på prioitetslista, Båtlaget har store problem på grunn av det store lauvfallet og soknerådet tek dette på ålvor, KV kan gjera jobben for 7500 kroner.

Innkjøp av dei nye salmebøkene er også ynskjeleg. Idag har dei 86 bøker og det talet høver bra. Ein aktuell dato kan vere 28. september neste år fordi soknerådet då planlegg den høgtidelege markeringa av dei 100 år.

Når det gjeld måling av gjerdet går det ikkje å basera dette på dugnad og difor vert kyrkjevevja beden om å ta dette med i planarbeidet no og vidare. Det hadde vore ynskjeleg om gjerdet hadde vore i fin stand til jubileet.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen